

Landsmøte 2022 på Gardermoen

Fredag 1. april til søndag 3. april 2022 er det landsmøte på Scandic Oslo Airport ved Oslo lufthavn, Gardermoen. Møtestart er torsdag 31. mars klokka 21 med kjønnsdelte formøte, i samsvar med vedtaket landsmøtet i 2018 gjorde om trygge møteplassar. Opninga av landsmøtet er fredag 1. april klokka 09. Vi vonar dei fleste utsendingane rekk å vera på plass kvelden før og få med seg formøta i framkant av landsmøtet. Det vert innsjekking og middag torsdag kveld.

Sidan det er landsmøte annakvart år, og sidan det har vore pandemi siste åra, har vi fått færre møteplassar. Difor er det ekstra viktig å få med seg dette landsmøtet. Vi drøftar dei viktigaste utfordringane for nynorsken og nynorskbrukarane i dag, og vonar å gje kveik til utsendingar frå heile landet. Vi vonar nye tillitsvalde som ikkje har vore på landsmøte før, tek turen.

Programmet

Hovudtalar vert kunnskapsminister **Tonje Brenna** som skal snakka om opplæringslova. Vi vedtek nytt prinsippprogram for organisasjonen og nytt fireårig arbeidsprogram. Det vert også kjekke middagar med kulturelt program fredag kveld og laurdag kveld på landsmøtehotellet.

Landsmøteutsendingar – kva seier lova

Utsendingar til landsmøtet skal som regel veljast på årsmøtet til laget. Årsmøtet kan gje styret eller eit lagsmøte fullmakt til å velja utsendingar. Utsendingane må vera medlemer i det lokallaget dei er valde som utsending for, og dei må ha betalt medlemspengar for 2022 for å få røysterett. I tillegg må laget levera årsmelding for 2021 og ei signert utsendingsfullmakt innan 20. februar. Landsmøteavgifta og reiseutjamninga må også vera betalt innan fristen.

Lokallag med 10-50 betalende medlemer i 2021 kan senda 1 utsending til landsmøtet. Lag med 51-100 medlemer kan senda 2 utsendingar. Større lag kan senda 1 utsending for kvar påbyrja 100 medlemer, opp til 10 utsendingar. Fylkesmållag med opptil 300 medlemer kan senda 2 utsendingar. Større fylkesmållag kan senda 1 utsending for kvar påbyrja 300 medlemer, opp til 10 utsendingar.

Økonomiske støtteordningar til landsmøteutsendingar

Nyskipa lokallag og lokallag med dårleg økonomi kan søkja Noregs Mållag om å få tilskot til reise og opphald. I søknaden må de leggja ved rekneskaper for 2021. Søknadsfrist: 20. februar 2022.

I år vert det 1000 kroner i rabatt for dei 3 første utsendingane til fylkeslag og for éin utsending per lokallag.

Årsmelding og sakspapir

vert sende til laga og påmelde utsendingar éin måned før landsmøtet.



Hugseliste for å få røysterett

Årsmelding for 2021

Utsendingsfullmakt, signert

Landsmøteavgift og reiseutjamning betalt

Utsendingen må ha betalt medlemspengar for 2022